



FJELL KOMMUNE

Ordføreren

Hordaland fylkeskommune
v/Samferdselsdirektøren
Postboks 7900

5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

1 1 NOV 2015

Dykkar ref.

Vår ref.

Saksb. – tlf.

Dato

2008/3019 - 24894/2015 Grethe Bergsvik - 55 09 70 41

10.11.2015

Innfartsparkering på Straume terminal - trong for endringar i tilbodet

Vi viser til avtale mellom Hordaland Fylkeskommune og Thon Sartor AS om innfartsparkering ved bussterminalen Sartor Storsenter på Straume i Fjell kommune. Avtalen vart inngått medio 2015, og har i praksis fungert frå medio oktober.

Avtalen regulerer innfartsparkering på 132 plassar. Den gjev løyve til fri parkering for bussreisande med minimum vekeskort, og er knytt til ei oblatordning. Parkeringsordninga gjeld heile døgnet alle dagar i veka. Ordninga er skilta ved ulike skilt i området. Pr. dato har denne ordninga fungert i omlag ein månad.

I denne månaden har vi diverre hatt ei rekkje negative tilbakemeldingar, både frå brukarar og publikum generelt. Desse tilbakemeldingane er både knytt til lengde på parkeringstida, kven som får høve til å nytte dei aktuelle parkeringsplassane, og til reaksjonsmåten (bøter) som er brukt ovafor dei som har vore uheldig og nytta området utan å ha det løyvet som krevst. Vi har også fått ei rekkje negative reaksjonar på måten ordninga er fysisk skilta på, eller andre former ein føreset at informasjon skal vere tilgjengeleg på. Bøteordninga og opplevd mangel på informasjon er diverre opplevd som lite positivt for innfartsparkering og kollektivtrafikk generelt.

Fjell kommune er oppteken av at ein snarast mogleg må møtast for å finne alternative og betre måtar å løyse den vanskelege situasjonen på. Temaet var m.a sentralt i formannskapet sitt møte 9.november.

Fjell kommune har tidlegare vore aktive i arbeidet med å få på plass gode parkeringsordningar for bussreisande og andre med behov for dette, både på Straume og andre stader i kommunen. Ein vil difor invitera til eit samarbeidsmøte for å finne gode løysingar snarast mogleg!

Postadresse:
Postboks 184
5342 STRAUME


Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no

Bankkonto:
Bankkonto for skatt:
Organisasjonsnr.:

8580 14 08600
6345 06 12466
951 996 777

Vi ber om ei snarleg tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune og Thon Sartor AS, slik at vi kan tidfeste eit slikt møte.

Med helsing


Marianne Sandahl Bjorøy
ordfører